

Skal arbeida for heile kommunen

10.10.2011



Koalisjonen får 5 i formannskapet. Her er 4 av dei: Synnøve Solbakken, Arve Opsanger, Kjell Yri og Elisabeth Eide Tharaldsen. Knut Prestnes er i utlandet (Foto: Kristian Hus)

Koalisjonen skal arbeida for heile kommunen, lyder den første linja i Kvinnherad-avtalen som vart presentert i kveld. Vidare heiter det at koalisjonen skal føra ein ansvarleg økonomisk politikk. Budsjettarbeidet skal koalisjonen stå saman om. og det skal ikkje leggast opp til investeringar som det ikkje er budsjettmessig dekning for i framtidige driftsbudsjett. Ved større investeringar skal alternative finansieringsformer vurderast. Avtala held fram slik:

- Husnestunet skal ha funksjon som distriktsmedisinsk senter (DMS - Samhandlingsreforma).
- Utbygging av Rosendalstunet skal ha byggestart i perioden, folkevalde skal ha fleirtal i styringsgruppa. Omfanget av utbygginga skal sjåast i samanheng med funksjonsfordeling og behov for PLO-tenester i dei ulike sonene.
- Det skal arbeidast for å redusere eller fjerne ufrivillig deltid i kommunen, i samråd med tillitsvalde og kommunale leirar.
- Det skal etableres frisklivssentral i kommunen
- Det skal leggast tilrette for etablering aveldresenter i sentrum.
- Ingen institusjonar skal leggast ned
- Det skal etablerast eit døgnbemannet lavterskelbutilbud for rusavhengige
- Det skal etablerast eit brukarombud for kommunale helse- og omsorgstenester
- Omsorgslønnssatsane skal aukast, og marknadsføringa av ordninga skal styrkes.
- Det skal innførast ei forsøksordning med arbeid for sosialhjelp
- Full utnytting av kapasitet og ressursar ved Valen sjukehus
- Få fortgang i arbeidet med å etablera ladestasjonar for elbilar

- Kommunale tenestebilar skal så langt det let seg gjera vera miljøvenlege, så som elbilar, hybridbilar og liknande.
- Sikra innbyggjarane tilgang til badeplasser og rekreasjonsområder ved sjøen
- Arbeida for miljøvenlege ferjer og snøggbåtar
- Leggja til rette for småkraftutbygging

- Samarbeida med Sør- Norge Aluminium AS for å framskaffa langsiktige konkurransedyktige rammevervilkår til verksemda
- Eigedomsskatt for private husvære, fritidsbustaderog naust skal fjernas heilt frå 01.01.2012.
- Eigedomsskatt for verk og bruk skal ein prøve å differensiere i den grad lova tillet det, for å skåna det private næringslivet.
- Eigedomsskatt for næringseigedom skal reduserast til 4 % for 2012, 2 % i 2013 og 0 % i 2014.
- Eigedomsskatten skal ikkje utvidast/gjeninnførast i perioden
- Budsjettoverskrideringar frå administrasjonen skal ikkje aksepteras
- Kommunedelplanane skal rullerast i perioden, samanslåing av eksisterande planområder skal vurderast for å få til denne rulleringa.
- Det skal sikrast byggeklart bolig- og næringsareal i heile kommunen
- Marknadsføring av kommunen skal styrkast, både med omsyn til turisme, tilflytting og etablering av næringsliv.
- Husnes skal satsast på som regionssenter
- Det skal etableres fleire tiltakssteller for arbeidstrening i samarbeid med Kvinnherad Vekstbedrift og andre.
- Vi vil i perioden vurdere om dagens lokalisering av ulike kommunale, administrative tenester er den beste, eller om dei bør flyttes for økt fleksibilitet, service og effektivitet
- Folgefond Nasjonalparksenter/Folgefondssenteret skal samordnast, kommunestyrevedtaket fra 1.sept. 2011 ligg til grunn for realisering.
- Korta ned ferjestrekningen Kvinnherad - Stord
- Fjelbergsambandet - oppstart i perioden
- Skjelnesodden – oppstart i perioden
- Auka merksemrd på tiltak for rassikring
- Arbeida for å realisera nye Fureberg bru.
- Kote 70 Løvfallstrand
- Trafiksikring: Sandvoll, Opsangervegen, Hellandbru, Herøysundet, Lundssvingane, Toftebrekka, Sunde, Uskedalen, Resabrekka.Trafiksikringsplanen skal rullerast.
- Betra vedlikehald av offentlege bygg

- Innhald og kvalitet i undervisninga
- Satsa offensivt på etter- og vidareutdanning avlærarane
- Planarbeidet for området Stølshaugvegen til Røsslandslia skal startast omgåande.
- Tilstrekkeleg barnehagedekning i nærmiljøet
- Byggstart på Undarheim skule i løpet av perioden
- Byggstart på motorsportsenteret
- Styrkja samarbeid skule – næringsliv / utvida bruk av alternative opplæringsarenaer
- Arbeida for samanhengande gangveg rundt Opsangervatnet.
- Regional status på idrettsanlegg, motorsportssenter og kulturanlegg
-
- Arbeida for attraktive linjer på KVV (som TAF og andre yrkesretta linjer)
- Nynorsk opplæring for framandspråklege
- Arbeida for eit høgskuletilbod i Kvinnherad

- Kommunal administrasjon skal regelmessig evaluerast, minst ein gong i løpet av perioden.
- Det skal setjast i gong ein gjennomgang av kommunale gebrysatsar - sjølvkost skal alltid være utgangspunktet
- Dei folkevalde skal ta ei sterkare styring over kommunen si drift – utvala skal få større fullmakter til å treffe vedtak
- Folkevalde skal ha fleirtal i prosjektarbeid.
- Ingen kommunalt tilsette skal bli sagt opp som følgje av omorganisering
- Ingen konkurranseutsetjing eller privatisering av primære kommunale tenester.